



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/558 - 20/3729

Saksbehandlar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.04.2020

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår knytt til vassdragsreguleringar i Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget

Kommunestyret i Masfjorden kommune har i møte den 26.09.2019, i sak 054/2019 gjort følgjande vedtak:

«Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre og Haugsdalsvassdraget.»

Det vert vist til at revisjon av vilkår i eldre vassdragsreguleringskonsesjonar er ei sentral oppgåve for NVE, og at det i 2012 kom eigne retningslinjer frå Olje- og energidepartementet som skal leggjast til grunn for handsaming av slike revisjonssaker.

Masfjorden kommune vil som bakgrunn for kravet om revisjon av konsesjonsvilkår knytt til Matre- og Haugsdalsvassdraget vise til NVE rapport 49/2013 « *Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022.* »

I denne rapporten er det gjort ein nasjonal gjennomgang og framlegg til prioriteringar av 365 vasskraftkonsesjonar. Føremålet med revisjonen er å forbetre miljøtilhøva i dei regulerte vassdraga. I denne rapporten vert det foreslått at 50 vassdrag skal ha høg prioritet for revisjon, eitt av desse vassdraga som har fått høg prioritet er Matrevassdraget. På side 57 i denne rapporten er det ein tabell som oppsummerer grunngjevinga for prioriteringa som er gjort i Hordaland, og Matrevassdraget har her fått nemninga Revisjonsobjekt 403.

Det vert vist til følgjande tekst i rapporten om Matrevassdraget:

«067.3Z Matrevassdraget

RevID: 403. Konsesjoner: KDB-nr. 198, 220, 244, 477. Konsesjonær: BKK Produksjon AS. Revisjonsadgang: 2003-2022. Revisjonskrav ikke fremmet.

Tekniske fakta:

Kraftverk: Reguleringen utnyttes i kraftverkene Krokevatn, Vestrebotn, Stordal, Matre og Hommelfossen. Samlet kraftproduksjon er 1387 GWh/år hvorav Matre bidrar med 1302 GWh/år. Reguleringer: Store Fjellvatn (28 m), Skrelivatn (4 m), Stordalsvatn (32 m), Osevatn (12,5 m), Krokevatn (52,3 m), Kvanngrovatn (28 m), Storevatn (26 m), Holmevatn (24 m), Nordgjelsvatn (17 m), Nedre Mosedalsvann (8 m), I tillegg kommer enkelte småreguleringer og bekkeinntak/overføringer.

Restriksjoner: Ingen konsesjonspålagte restriksjoner. Frivillig slipp av vann fra Hommelfossen kraftverk (100 l/s vinter og 200 l/s sommer).

Påvirket område: 10-25 km elv og 10-20 km² innsjø.

Vurdering av verdier og påvirkning:

Matreelva har en svak laksebestand, tilstanden er redusert (4). Elva har en god sjørretbestand (5). Vassdragsregulering er bestemmende for tilstanden for begge arter. Anadrom strekning er ca 5 km. Økologisk tilstand i elva er karakterisert som dårlig. Ørretbestandene i reguleringsmagasinene er resultat av utsetting og naturlig rekruttering. Det er ikke registrert naturmangfold av spesiell verdi i Matreselva. I Nordffeldsdalselv, en sideelv til Matreselva, er det registrert en bekkekløft av svært stor verdi (A) til tross for at deler av nedbørfeltet er bortført.

Matresdalen har betydelige landskapskvaliteter, der elva, fossen og jettegryter er viktige elementer. Flere av reguleringsmagasinene grenser opp mot Stølsheim landskapsvernområde. Området blir mye brukt til friluftsliv lokalt og regionalt. Elva har fine badekulper og det finnes også et klatre-/bultreområde. Hytteområde ved Krokevatn. Reguleringssoner på > 10 m vil kunne påvirke landskap og opplevelsesverdi ved lave vannstander i magasinene.»

Aktuelle tiltak:

- Driftsvannføring hele året fra Hommelfossen kraftverk.
- Magasinrestriksjoner i Stordalsvatn av hensyn til landskap og friluftsliv, ev. også i andre magasinene.»

Masfjorden kommune tilrår at spesielt disse to tiltaka, som er tilrådd ovanfor av faglege instansar, vert vurdert og drøfta i samband med ein revisjon av konsesjonsvilkåra for Matrevassdraget. Vidare vil ein vise til følgjande merknad i rapporten nedst på side 159 der det står:

«Merknad: Vassdraget (revisjonsobjektet) må ses i sammenheng med RevID 404 og 405»

På bakgrunn av at begge vassdraga til slutt endar opp i same fjordsystemet, og den regulererte delen hamnar i same kraftverket på Matre, som produserer rundt 1300 Gwh/ år, meiner Masfjorden kommune at det er føremålsteneleg å starta opp revisjon av konsesjonsvilkåra samstundes også for Haugsdalsvassdraget (Rev Id 405). Ved å gjennomføra ein revisjon på same tid, kan ein optimalisere tiltaka meir med omsyn på både miljø og samfunnsmessige tilhøve, og få til ein meir heilskapeleg drøfting knytt til vassmiljøet i indre delen av Masfjorden. Det vert vist til kap 8.2 om ein heilskapeleg tilnærming ved ein revisjon i OED sin vegleiar «Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer.» frå 2012.

Det vert vist til følgjande tekst i NVE rapport 49/2013 om Haugsdalsvassdraget:

«067.2Z Haugsdalsvassdraget RevID: 405.

Tekniske fakta:

Kraftverk: Reguleringen utnyttes i kraftverkene Vemundsbotn og Matre H sammen med tilsig fra Matrevassdraget og Førdevassdraget. Samlet kraftproduksjon er 1387 GWh/år hvorav Matre bidrar med 1302 GWh/år. Kjetland kraftverk utnytter et sidefelt og har utløp i Haugsdalselva.

Reguleringer: Gobotnvatn (19,5 m), Meinshemdevatn (30,3 m), Storevatn (32 m), Svartevatn (48 m) Skjerjevatn (40,4 m), Hjortevatn (25 m) og Smalevatn (17 m). I tillegg kommer enkelte småreguleringer og bekkeinntak/overføringer. Ca. 2/3 av nedbørfeltet er overført til Matre. Restriksjoner: Ingen. Påvirket område: < 5 km elv og 10-20 km² innsjø.

Vurdering av verdier og påvirkning:

Laksebestanden i Haugsdalselva er karakterisert som tapt (1) eller svært redusert. Sjørretbestanden er god (5). Vassdragsregulering er ikke bestemmende for noen av bestandene. Sur nedbør er viktigste påvirkningsfaktor. Åpnet for fiske etter sjørret i 2007 etter flere år med fredning. Også fiske på laks. Årlige fangster ligger på 100 -200 kg ørret og omtrent like mye laks. Terskler i nedre del. Anadrom strekning er 4 km. Vandringshinder ved Sagfossen ved Kjetland. Økologisk tilstand i elva er klassifisert som dårlig. Ørretbestander av ulik kvalitet i reguleringsmagasinene er resultat av utsetting og naturlig rekruttering. Ved utløpet av Haugsdalselva er det registrert et viktig deltaområde (B). Utover dette er det ikke registrert vassdragstilknyttet naturmangfold av spesiell verdi. Flere av reguleringsmagasinene grenser opp mot Stølsheimen landskapsvernområde. Haugsdalen er utgangspunkt for turer innover fjellet. Reguleringssoner på > 10 m vil kunne påvirke landskap og opplevelsesverdier ved lave vannstander i magasinene.

Aktuelle tiltak:

- Minstevannføring i Haugsdalselv (fra Gobotnvatn).
- Det er anbefalt å etablere flere terskler.*

Vidare vil ein vise til at i tiltaksprogram for vassregion Hordaland for perioden 2016 – 2021 i avsnittet for Nordhordland vassområde (kap 5.4) under tiltak i vassdrag, vert det føreslått vilkårsrevisjon i begge vassdraga.

Konklusjon:

Masfjorden kommune meiner at det i samband med revisjon må vurderast nye konsesjonsvilkår som kan forbetra kvaliteten i begge vassdraga, med omsyn på både biologisk mangfald, miljø, fiske, friluft- og landskapsopplevingar, samt andre relevante konsesjonsvilkår/økonomi.

Vidare meiner kommunen at det er viktig å få gjort ei skikkeleg fagleg kartlegging av begge vassdraga samstundes i ein revisjonsprosess.

Dersom de har spørsmål i saka kontakt assisterande rådmann Sveinung Toft.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Bkk Produksjon AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Mottakarar:

Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)

Postboks 5091
Majorstua

0301

OSLO